



MØTEBOK

Planstrategi 2016-2019 med tidsplan for perioden

Utval sak	Utval	Møtedato
63/18	Formannskapet	26.09.2018
50/18	Kommunestyret	17.10.2018

Vedlegg:

- 1 Planstrategi - sendt på høyring
- 2 Oversikt planar - sendt på høyring
- 3 Uttale frå Stord

Bakgrunn:

Formannskapet vedtok den 22.01.16 å nedsette ei politisk prosjektgruppe for å leggje ein planstrategi for perioden 2016-2019. Det vart vedteke at Wenche Tislevoll, Dagfinn Brekke, Torstein Grimen og Grete Marit Veka Maraas skal delta i gruppa, og at dei politiske utvala skulle ha ei aktiv rolle i arbeidet.

For å få eit breitt grunnlag for utarbeiding av planstrategien bad arbeidsgruppa formannskapet, utval for plan og miljø, og utval for oppvekst og omsorg om tilbakemelding på ei rekke tema relevante for planstrategien. Det vart også bedt om å opplyse om status på tidlegare vedtekne planar, samt forslag til prioritering av planarbeidet. Formannskapet og dei to utvala handsama sakene ila våren 2018, og arbeidsgruppa har deretter gjennomgått desse.

Då det er lite att av planperioden vart prioriteringslista over planar stram – berre dei planane som er vurdert som særleg viktige har vorte prioritert i denne perioden. Arbeidsgruppa sitt utkast til planstrategi og framdriftsliste vart sendt til formannskapet, som uendra la det til offentleg høyring frå 13.06.18.

I løpet av høyringsfristen kom det inn eitt innspel frå eksterne instansar. Dette var frå Stord kommune som hadde tre merknader:

- Risiko- og sårbarhetsanalysen frå 2014 bør oppdaterast med faktaopplysingar og kartlegging av evt. nye risikoar, framfor ein full revisjon.
- Stord kommune kan ikkje prioritere områderegulering for Dåfjordvegen, og føreslår at denne vert drøfta i neste planstrategiperiode (innan oktober 2020).
- Stord kommune føreslår at kommunane samarbeider i om evt. samanfallande utgreingar og vurderingar knytt til Stord sin revisjon av kommuneplanen og Fitjar sin nye samfunnsdel til eigen kommuneplan.

Vurdering:

I høyringsperioden har administrasjonen gått igjennom både innhald og framdrift i planarbeidet. Me har ingen forslag til endringar i sjølve planane eller den føreslådde framdrifta i planarbeidet ut over samfunnsdelen i kommuneplanen.

Me ser at mangelen av ein samfunnsdel i kommuneplanen gjer det vanskeleg å peika ut ein retning for kommunesamfunnet som heilheit, og vanskeleggjer administrasjonen sine prioriteringar.

Å utarbeide ein samfunnsdel til kommuneplanen er viktig for å peike ut ein retning og ein strategi, for å kunne arbeide meir målretta med sentrale samfunnsforhold som folkehelse, barn og unge, integrering, næringspolitikk m.v..

Rådmannen foreslår difor at det vert gjort fylgjande endringar i framdriftsplanane:

- Kommuneplan – samfunnsdel: Oppstart og ferdigstilling i 2019 (forutsetter finansiering på kr 300 000,-, vert fremja som eige forslag i budsjett for 2019).

Når det gjeld innspela frå Stord kommune så sluttar Rådmannen seg til desse, og ser at dei kan imøtekomast utan å gjera ytterlegare endringar i dei framlagde dokumenta:

- Risiko- og sårbarhetsanalysen er ikkje føreslegen revidert. Om denne skal sjåast nærare på er ei oppdatering av faktagrunnlaget og kartlegging av evt. nye risikomoment ei fornuftig avgrensing.
- Områderegulering av Selevik krins ligg ikkje inne til oppstart i denne planperioden, men er særskilt aktuell å inkludere i neste.
- Eit samarbeid mellom Stord og Fitjar kommune i forbindelse med rulling av kommuneplan og samfunnsdel synest naturleg, og vil truleg gje utgreiingsvinstar på fleire områder.

Sidan det ikkje er meldt inn behov for endringar i den materielle strategien; verken behov for nye planar, justeringar, eller å ta bort planar, ber rådmannen om at den føreliggande strategien blir godkjent med dei endringane i framdrift som no vert føreslege.

Ein gjer merksam på at endringane ikkje er innarbeid i dei dokumenta som vert lagt fram.

Dette er ein plan som gjeld heile kommunen og skal nyttast av eksterne etatar i tillegg til vår eigne, det er difor naturleg å vedta planen utan at interne ansvarsområde er spesifiserte. Desse vart tekne ut i høyringsutkastet, og når strategien er endeleg vedtatt, vil me leggje dei inn att med ansvarsområde presisert for avdeling/person.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommune godkjenner planstrategi 2016 -19 med fylgjande endringar:

- Kommuneplan – samfunnsdel: Oppstart og ferdigstilling i 2019

Behandling i Formannskapet - 26.09.2018:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka. Ho hadde fleire innspel til endring i oversikta over planstrategi 2016-2019.

Endringar i oversikt over planar:

Kommuneplan, samfunnsdel – skyve oppstart til vår 2019, ferdig haust 2019

Kommuneplan, Selevik krins – ny kommentar: neste planperiode, saman med Stord

Kommunedelplan, Sentrum nord

- Stryke ferdig vår 2019,
- Ny kommentar: neste planperiode
- Oppdatere navn delplan: Sentrum nord/Sjøside

Kommunedelplan, Strandsoneplan

- Flytte ferdigstille tidspunkt frå haust 2018 til vår 2019, med spørsmålsteikn bak

Kommunedelplan, Fitjarøyane

- Endre til oppstart 2016

Endringar i tekstdel:

Endringar i tekstdel i kommunedelplan Selevik krins

- Planen skal takast opp att i planstrategi som skal vedtakast innan oktober 2020.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommune godkjenner planstrategi 2016 -19 med fylgjande endringar:

- Kommuneplan – samfunnsdel: Oppstart og ferdigstilling i 2019
- Med endringar lagt føre av ordføraren i formannskapsmøte 26.09.18

Behandling i Kommunestyret - 17.10.2018:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune godkjenner planstrategi 2016 -19 med fylgjande endringar:

- Kommuneplan – samfunnsdel: Oppstart og ferdigstilling i 2019
- Med endringar lagt føre av ordføraren i formannskapsmøte 26.09.18

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.